

November 2016

1.0 Budsjetteknisk

BUDSJETTEKNISK	Denne periode			Til no i år		
	Rekneskap	Budsjett	Avvik budsjett	Rekneskap	Budsjett	Avvik budsjett
Basisramme inkl. midlar til å dekke avsk	128 427	129 344	-917	1 282 417	1 285 168	-2 751
ISF egne pasientar	1 167	3 644	-2 477	30 961	37 246	-6 284
Andre øyremerkta tilskot	1 807	1 860	-53	19 839	19 098	741
Andre driftsinntekter	353		353	423		423
Sum driftsinntekter	131 754	134 848	-3 094	1 333 640	1 341 511	-7 871
Kjøp av offentlege helsetenester	7 783	8 478	-695	82 281	93 263	-10 982
Kjøp av private helsetenester	1 119	345	774	2 702	3 795	-1 093
Varekjøp	-	630	-630	2 270	6 440	-4 170
Pensjonskostnad	-6 542	-6 542	0	-90 258	-90 258	0
Avskrivningar	8 049	8 429	-380	89 002	92 721	-3 718
Nedskrivningar	-	-	0	282	-	282
Andre driftskostnader	275	2 072	-1 797	2 725	8 481	-5 756
Sum driftskostnader	10 685	13 413	-2 728	89 004	114 441	-25 438
Driftsresultat	121 070	121 435	-365	1 244 637	1 227 070	17 567
Finansinntekter	123	117	6	1 651	1 283	368
Finanskostnader	-27	269	-296	1 115	3 231	-2 116
Finansresultat	151	-152	303	537	-1 948	2 484
Ordinært resultat	121 220	121 283	-62	1 245 173	1 225 122	20 051

Inntekter

Basisinntektane er lågare i november som følgje av Helse Vests ønske om at kostnadene ved overføring av Gulen til Helse Bergen vert ført her. Motposten er mindreforbruk og lågare kostnader av andre driftskostnader. ISF-inntekter egne pasientar på budsjetteknisk er 50 prosent av DRG-verdien på dei pasientane som vore behandla ved sjukehus i andre regionar. ISF-inntektene går ned, og årsaka er ei vridning frå andre regionar mot Helse Bergen. Vi har truleg nådd nivået på ordninga med abonnement på behandlingar i Helse Bergen.

Kostnader

Kostnader på kjøp av offentlege helsetenester inneheld både gjestepasientkjøp som ein del av ISF og kjøp utanfor ISF-ordninga. For kjøp frå andre regionar innanfor ISF-ordninga betalar Helse Førde 80 prosent av DRG-verdien. Nettokostnaden for Helse Førde er 30 prosent av DRG-verdien. Totalt har Helse Førde per november kjøpt helsetenester for om lag 12 millionar mindre enn budsjettert. Det er uklart korleis utviklinga blir framover. Sjølv om det har vore ein nedgang, så har det vore ein sterk vekst i behandling av pasientar busett i Sogn og Fjordane i Helse Bergen. Helse Førde har budsjettert med endra kostnader i samband med saka om overføring av behandlingsansvar for Gulen. Ettersom overføringa skjedde seinare enn venta, har det vore lågare kostnader på budsjetteknisk område og høgare kostnader i kirurgisk klinikk. Når det gjeld varekost har det ikkje vore grunnlag for kostnadsføring i november. Avskrivningar og rentekostnader er noko lågare enn venta. Det skuldast at vi så langt har gjort færre investeringar enn planlagt, samt ein betre likviditetssituasjon og lågare rentar enn venta.

2.0 Stab og støtte

ØKONOMI

STAB OG STØTTE	Denne periode			Til no i år		
	Rekneskap	Budsjett	Avvik budsjett	Rekneskap	Budsjett	Avvik budsjett
Basisramme inkl. midlar til å dekke avsk	10 410	10 410	0	113 762	113 762	0
Øyremerka tilskot "Raskare tilbake"	27	28	0	417	282	134
Andre øyremerka tilskot	2 714	3 162	-448	11 478	17 259	-5 781
Andre driftsinntekter	6 158	5 886	273	70 178	67 404	2 774
Sum driftsinntekter	19 309	19 485	-176	195 835	198 707	-2 873
Kjøp av offentlege helsetenester	-271	70	-340	-110	767	-876
Kjøp av private helsetenester		3	-3		35	-35
Varekostnader	2 307	1 838	469	21 798	20 278	1 519
Løn til fast tilsette	15 413	15 864	-451	155 068	156 933	-1 864
Overtid og ekstrahjelp	468	321	148	2 967	3 227	-261
Pensjonskostnad	4 411	4 411	0	48 105	48 105	0
Offentlege tilskot og refusjonar	-574	-426	-148	-7 461	-4 681	-2 781
Anna løn	2 288	2 644	-355	24 714	25 816	-1 102
Andre driftskostnader	33 852	34 951	-1 099	355 269	362 012	-6 744
Sum driftskostnader	57 895	59 676	-1 781	600 350	612 493	-12 144
Driftsresultat	-38 586	-40 190	1 605	-404 515	-413 786	9 271
Finanskostnader	0	-	0	13	-	13
Finansresultat	-0	-	0	-13	-	-13
Ordinært resultat	-38 586	-40 190	1 604	-404 528	-413 786	9 258


Stab og støtte har eit positivt avvik frå budsjett på 1,6 millionar denne månaden. Inntektene er 0,2 millionar lågare enn budsjett, medan kostnadene er 1,8 million lågare enn budsjett. Personalkostnader har eit positivt avvik på 680 000, medan pasienttransport hadde 1,7 millionar i positivt avvik denne månaden. Kostnader til IKT var 100 000 over budsjett. Kostnader som er belasta rekneskapen høgare enn vanleg denne månaden er matvarer med 300 000 og innkjøp av medisinsk teknisk utstyr med 800 000.

Akkumulert

Akkumulert har stab og støtte eit positivt avvik mot budsjett på 9,3 millionar. Driftsinntektene er 2,9 millionar lågare enn budsjett. Driftskostnadene er 12,1 millionar lågare enn budsjett, årsaka er mellom anna lågare personalkostnader og lågare kostnader til pasienttransport. Kostnad til IKT har til no eit negativt avvik på 1,7 millionar.


Syssetjingsprosjekta med årsbudsjett på 14,6 millionar er budsjettert med inntekter og kostnader i månadene frå og med august til og med november. Prosjekta er i rute og vil vere ferdige i 2016. Til no er 10,3 millionar kostnads- og inntektsført i prosjekta.

PERSONELL Medarbeidarar:



Det er i registrert 361 brutto månadsverk som samsvarar med same periode i 2015. Netto månadsverk er 336, som er to færre enn for eitt år sidan. Bemanningssenteret kom i drift frå 1. september, og i tala som er synt fram her, utgjer tilsette i bemanningssenteret seks brutto og seks netto månadsverk.

Sjukefråvær:



Stab og støtte har hatt eit registrert sjukefråvær på 5,9 prosent i oktober, mot 6,9 prosent i same månad i fjor. Vi har over tid hatt stort fokus på at det er viktig med systematisk oppfølging av sjukmelde, samt auka kompetanse og tryggleik for leiarane i oppfølgingsarbeidet.